



Skulekorpset speler i Aktivitetshuset (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedal skulemusikk skal ha årsmøte 27.januar.  
Møtet vert på møterommet i skulen kl.18.00 med vanlege årsmøtesaker,  
og i samband med det henvender styret seg til alle bygdefolk  
som ønskjer eit aktivt skulekorps i bygda;- ikkje berre foreldregruppa.**

Skulemusikken spelar bra for tida, har svært dugande musikarar og ein kjempedyktig og svært godt likt dirigent i Tor Skeie Olsen. Derfor er det synd medlemstalet no er nede i ein bølgedal. Korpset vil bli svært glad om nokre som har spelt tidlegare igjen blir med i laget. Det gjeld både dei som har spelt fleire år i korpset, og ferskingar som berre har fullført aspiranttida.

Med få medlemmer trengst fleire enn foreldregruppa til å driva korpset. Styret veit at skulemusikken opplever svært god støtte i bygda, så vi håpar det er nokre av bygdafolket som kan melde seg for å ta eit tak for at vi framleis skal ha eit aktivt og godt skulekorps i bygda.

Vi er svært takksame om dei kanta på seg tillitsverv eller andre praktiske oppgåver i drifta. Korpset har få, men dyktige foreldre og solid økonomi, så det vil bli kjekt og meningsfullt arbeid for dei som melder seg. Vi blir veldig glad om mange tar kontakt med oss i styret: Marit Stensletten (mobil 995 74 131), Anne K. Rørheim (478 42 971), Monica T. Storevik (930 39 091) eller Anne Jorunn Kjærland (928 86 588).

Dei som ønskjer spela i korpset kan og ta kontakt med desse eller koma ned på neste øving.

Dei som har saker som dei ønskjer skal takast opp under punktet ymse, må melde dei til ein i styret innan 20.januar.

Vi håpar på god respons og at mange vil delta aktivt i ein opptur for skulemusikken. Kom på årsmøtet og ta del og bidra til denne oppturen! Eit skulekorps er jo eit viktig aktivum for bygda.

Styret